

Helge Fimland

Referanser:
Dykkar:
Vår: 17/2102 - 17/27178

Saksbehandlar:
Linda Folkestad
Linda.Folkestad@lindas.kommune.no

Dato:
22.09.2017

Svar på søknad om utvida bruk av avkjørsle frå kommunal veg - gbnr 37/47 Myking

Teknisk drift syner til e-post datert 21.09.2017 vedkomande søknad om utvida bruk av eksisterande avkjørsle frå kommunal veg – gbnr 37/47 Myking.

Vedtak:

Teknisk drift har vurdert søknaden og vil gje løyve til utvida bruk av eksisterande avkjørsle frå kommunal veg for 1 bustadeining på følgjande vilkår:

- Avkjørsle skal være opparbeida slik at den tilfredsstillar tekniske krav til avkjørsle som er fastsett av vegdirektoratet i forskrift av 1964 om «almennelige regler om bygging og vedlikehold av avkjørsle fra offentlig veg», Veglova §§ 40-43, samt vegnormal N100. Det vert blant anna sett krav til geometrisk utforming av avkjørsle, sikt, svingradius, drenering under avkjørsle og at ein skal kunne snu på eigen grunn.
- Siktsone kan ikkje nyttast til parkering eller hensetting av sikthindringar som er høgare enn 0,5m over kommunalt vegnivå. Siktsone er satt til 4 x 45 meter.
- Avkjørsle skal være som vist på vedlagt situasjonskart (Nhdigi.no) datert 21.09.2017.
- Ytterligere informasjon vedkomande tekniske krav finn ein på www.lovdata.no og www.vegvesen.no

Vi gjer merksam på at løyve til avkjørsle gjeld berre tilknytning til kommunal veg. Bygging/ utbetring av avkjørsle er søknadspliktig tiltak etter plan og bygningslova.

Det er med heimel i Veglova §§ 40-43, forskrift av 1964 om «almennelige regler om bygging og vedlikehold av avkjørsler fra offentlig veg» og vegnormal N100 at vegmynde skal setje krav til avkjørsler frå offentlig veg. Vi gjer merksam på at løyve berre gjeld i høve Veglova med tilhøyrande regelverk og ikkje dei rettar/ privatsrettslege avtaler De har ovanfor eventuelle grunneigarar.



Klage:

Vedtaket kan påklagast til kommunen, jf. lov om offentlig forvaltning. Klagefrist er 3 veker frå den dag De mottok vedtaket. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast til den etat som har gjort vedtaket. I klagen skal det komme fram kva som vert påklaga (vedtaket) og kva endringar De som part ynskjer. Klagen skal grunngjevast.

Vilkår for å reise sak for domstolane om vedtaket:

Partane vert med dette gjort merksam på at søksmål om gildskapen av vedtaket eller krav om erstatning som fylgje av vedtaket, ikkje kan reisast utan at vedkomande part har nytta høve til å klage på vedtaket og at klagen er avgjort av høgaste klageinstans som står open. Søksmål skal likevel i alle tilhøva kunne reisast når det er gått 6 månader frå klagen fyrste gong blei levert, og det ikkje er grunna forsømming frå klagar sin side at klageinstansens avgjerde ikkje ligg føre, jf. forvaltningsloven § 27 b.

Med helsing

Linda Folkestad
saksbehandlar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Situasjonskisse for utvida bruk av eksisterande avkjørsel til 37 47 i Hellebrekkene(289692)

Mottakarar:

Helge Fimland